



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 01.09.2016  
Vår ref.: 2016/8918-1  
Saksbehandlar: kettef  
Dykkar ref.:

## Til ordførarane i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har i år æra av å vere vertskap for landets største arrangement for yrkesopplæringa. Meisterskapet vert arrangert annakvart år av WorldSkills Norway i samarbeid med ein fylkeskommune. Fylket ser på yrkesfag som ein viktig satsing for framtida og er eit viktig verkemiddel for regional utvikling og for å halde på ungdommane i distrikt gjennom læreplassar og samarbeid med lokalt arbeidsliv.

Yrkes-NM 2016 for ungdom vert arrangert i Bergen 17.-20. oktober. I 25 yrkesfag skal om lag 340 ungdommar frå heile landet konkurrere om medaljar, heider og ære.

Vi ønskjer at så mange som mogeleg kan kome og besøkje dette arrangementet, særleg er det viktig for ungdom som nærmar seg val av vidaregåande utdanning å kunne besøkje dette arrangementet. Yrkeslabyrinten som er ein årleg utdanningsmesse er slått saman med arrangementet og gir difor ungdommar som besøkjer Yrke-NM informasjon om både yrkesfaglege og studiespesialiserande tilbod. Målgruppa er elevar på 9-10 trinn. For å lette belastninga på kvar enkelt kommune støtter fylkeskommunen transport av elevar til arrangementet etter søknad.

Bak organisasjonen WorldSkills Norway står Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), Landsorganisasjonen i Norge (LO), Utdanningsdirektoratet, Kommunesektorens Interesseorganisasjon (KS) og ei rekkje landsforeiningar, fagforbund, opplæringskontor, skular og fylkeskommunar.

Kvar enkelt skule kan melde inn kor mange elevar dei ønskjer å ta med på arrangementet til Frank Halhjem på epost [frank.halhjem@hfk.no](mailto:frank.halhjem@hfk.no) eller tlf 55 23 95 97 slik at fylket kan fordele besøkjande på dagane arrangementet føregår.

Fagopplæringa og KS har allereie sendt ut invitasjon til kvar kommune men vi manglar framleis tilbakemelding frå nesten alle kommunane i fylket.

Stå på og gje ungdommen ein spanande og nyttig oppleving!

fylkesordførar